

Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 12. juni 2013.

Sak 06/2013 Opprop

Fyresdal kommune: Vararordførar Siw Berve, Bjørn Nome, Ketil Kiland

Kviteseid kommune: Regionordførar Torstein Tveito, Heidi Åmot,
Hans Bakke

Nissedal kommune: Ordførar Halvor Homme, Sverre Sæter

Seljord kommune: Ordførar Solveig S. Abrahamsen, Jon Svartdal, Trond Johnsen,
Per Dehli

Tokke kommune: Ordførar Hilde Alice Vågslid, Kjell Magne Grave,
Britt Houge

Vinje kommune: Ordførar Arne Vinje, Birgit Tveito, Gunn Seltveit Bøe

I tillegg møtte Kjell Gunnar Heggenes og Ole Dalen frå administrasjonen.

Frå næringsavdelingane i kommunane møtte: Gunhild Austjord, Kari Hagelia Olstad,
Asbjørn Storrusten, Elisabeth Lid, Toril Nicolaisen og Ketil Kiland.

Sak 07/2013 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent og regionordførar Torstein Tveito var valt til møteleiar. Tilleggssak frå Hilde Alice: Spørsmål om Vest-Telemarkrådet skal gje felles uttale i samband med motorferdel i utmark.

Sak 08/2013 Val av 1 person til å skrive under protokollen ilag med regionordførar.

Vedtak: Til å skrive under protokollen ilag med regionordførar vart valt Kjell Gunnar Heggenes

Sak 09/2013 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap 2012.

Vedtak: Årsmelding og årsrekneskap 2012 vart samrøystes godkjent.

Sak 10/2013 Val av revisor.

Vedtak: Som revisor for rekneskapsåret 2013 vart valt Telemark Kommunerevisjon. Samrøystes.

Sak 11/2013 Orienteringar.

Næringsarbeidet i kommunane.

Næringssejane gav svært interessante orienteringar om dei aktuelle nærings sakene i dei 6 kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Prosjekta i Strategisk Næringsplan v/Ole Dalen.

Ole Dalen orienterte kort om status for dei ulike prosjekta i Strategisk Næringsplan.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringane til vitande.

Skulestruktursaken.

Regionordførar orienterte kort om status i saken omkring skulestrukturen for dei vidaregåande skulane, Endeleg vedtak vert gjort i møte i Fylkestinget 19. juni.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringa til vitande.

20-årsjubileum VTR.

Regionrådsleiar orienterte kort om den planlagte markeringa av 20-årsjubiléet til hausten.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringa til vitande.

Ekstrasak: Mogleg felles uttale i høve motorferdsel i utmark

Vedtak: Regionordførar og regionrådsleiar får i oppdrag å lage utkast til felles

høyringsuttale i saken. Forslaget vert å sende ordførarane for godkjenning og uttalefrist er sett til 27. juni.